

## Prolog til Alvenestreffet 2001

Mektig og skumkvit, med kraftige båra,  
Nordfolda krev respekt, ser ikkje savn og tåra.

Smal er den stripa der folk slo seg ned,  
balte i enkle kår.  
Levde og strevde i ro og fred,  
en bytur var lang som et år.  
Dagan kunn' vær tunge, full av strev og slit,  
fjorden, han gav føda, og jorda ho gav sitt.

Men uten Folda med sild og med torsk  
var Alvenes aldri blitt til.  
Var fjorden iblant både farlig og morsk,  
han baud og på latter og smil.

I fjæra ligg' gråkvite rullestein,  
forma i tusener av år.  
Tiriltunge skin i grøfta ved vei'n,  
storkenebb lyse med lilla kulør  
mens mjødurten gjer deg reint ør.

Her segla en åttring med ved om bord,  
dampen smatt innom kvart hol av en fjord.  
Med åra og segl la menn ut fra land,  
– men så blei det motor på skøyta hans Halvdan!

I jordkjellarn satt folk når stormen rauk,  
vettskremte, venta på fred.  
Enn om skavla og jordras rausa ned!  
Men faren glei over, den gjer ofte det.  
I fjæra var skatta: En rar bit av tre!

I førti - femtiåra vaks mange av folket her opp.  
Frå Saga til Skjellelva for de omkring,  
lekte og jobba med mange slags ting,  
funderte, og trente sin kropp.

I fjæra var samfunn med hus og dyr  
og Reidun sin «strikkemaskin».  
I Loftlia plukka de blåbær så fin -  
til syltetøy, ikkje til vin -.  
I Jens sitt bærs spann der minka det litt  
(mens Harry og Arne fikk meir oppi sitt),  
– i «dalan» der henta de kyr.

En dukkert i slåtta, ved middagstid  
var godt for de svette. Endelig fri!

Om hausten skulle poteten opp;  
«pilpotet» hette en langaktig sort.  
I kveldsmørkret gjømsel var populær sport.

Med smør i et treskrin til Nordfold de for,  
kom rike tilbake med mynt til ho mor.

Det hendte at isen på Belkjosen låg.  
På skøyter på Henndya kunne en gå  
når vinter'n var passelig iskald og grå.  
Med lys ifrå petromaks og karbid,  
veilaus, uten telefon - for ei framifrå tid!  
Rokken han surra og strikkepinnan klang,  
og maten blei koka på svartkomfyr.  
Men fødde en og på en flokk med sultne dyr  
så skaffa en i tillegg rognskav og tang.

Kvinnfolkan de samla seg med pinner, nål og sang,  
«forening», det var tidtrøyta for «frua».  
Ungdommen blei oppdatert om stoff frå Kanaans land  
når Astrid hadde søndagsfred i stua.

Skoleveien - uten vei - var lang for ungeskokken.  
Blant stein og tre og bratte stup, der vandra heile flokken.  
En vakker dag så skulka de, men var det særlig artig?  
Så vrient å forklare seg om noe en var part i !

Med trillebår og stubb-bryter kom veien fram, så smått.  
Nå bile folk i hundrevis heilt fram til Saga - flott!  
Så flytta nesten alle vekk, få bor nå her på stedet,  
som feriefolk kjem mange hit, kver har sitt eget «rede».

Nå er vi alle samla her, til mimring og til glede.  
Stor takk til alle dere som har ordna med det!

(Magnhild)